



Endre Sagstad

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/250 - 16/10549

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

27.05.2016

Godkjenning - GBNR 10/205-4 - Løyve til oppføring av garasje - Holsbergstien

Administrativt vedtak. Saknr: 156/2016

Tiltakshavar:

Yvonne og Endre Sagstad

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 bokstav a).

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje i tilknytning til seksjon 4 på gbnr. 10/205, Holsbergstien 17.

Eigedomen er regulert til bustad i reguleringsplan for Holmemarka aust, planid: 125620031029. Garasje er difor i samsvar med arealformålet. Det følgjer av reguleringsplanen at «husa» skal plasserast innanfor regulert byggjegrænse. Garasjen kan dermed plasserast utanfor byggjegrænsa.

Gbnr 10/205 har i følgje matrikkelen eit samla areal på 1925,4 daa. I søknaden er det opplyst at garasjen vil ha storleik på 57 m². Samla sett vil eigedomen ha BRA på 572 m², medrekna garasjen. Total BRA overstig dermed ikkje 36% av tomtens storleik, slik grænse er satt i reguleringsplanen.

Det vert elles vist til søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett, journalført motteke 25.4.2016.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21-3 første og andre ledd.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Lov- og plangrunnlag:

Eigedomen er regulert til bustad. Garasje er dermed i samsvar med arealformålet, jf. pbl § 12-14 første ledd.

Øvrige eigarar av gbnr 10/205 har samtykka til søknaden, og kjenner til grensene som oppføring av garasjen fører med seg for dei andre seksjonane.

Plassering- og avstand til nabogrense:

Tiltaket er ikkje i samsvar med pbl § 29-4 andre ledd, men på bakgrunn av samtykke frå eigar av gbnr 10/204 seksjon 4, kan tiltaket plasserast 2,5 meter frå nagogrensa mot 10/204, jf. pbl § 29-4 tredje ledd bokstav a). Dette som vist på vedlagte situasjonskart journalført motteke 25.4.2016.

Planløyving, høgd og visuelle kvaliteter:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med teikningar journalført motteke 26.5.2016. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl §§ 29-1 og 29-2.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 løyve til oppføring av garasje i tilknytning til seksjon 4 på gbnr 10/205. Grunngevinga går fram av saksutreeing og vurdering ovanfor. Plassering og utforming av tiltaket skal vere som vist på situasjonsplan motteke 25.4.2016 og fasade-, snitt og planteikningar motteke 26.5.2016.

Løyve til plassering 2,5 meter frå nabogrensa mot gbnr 10/204 vert gitt på vilkår om at erklæring om rettighet i fast eigedom, som vedlagt i søknaden, vert tinglyst.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet vekk. Det same gjeld dersom tiltaket vert instilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over elle gjennom tidlegare godkjenning.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl § 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Revidert tegning

Erklæring

situasjonsplan

Søknad om tiltak uten ansvarsrett

Opplysninger gitt i nabovarsel

Kvittering for nabovarsel

Kvittering for nabovarsel sendt pr epost

Naboerklæring

Mottakere:
Endre Sagstad